

Beretning 2007

RAPPORT FRÅ DESISJONSKOMITEEN, PERIODEN 2006-2007

I samsvar med vedtektene § 9-1, 2. ledd, skal desisjonskomiteen "framlegge en egen rapport på hvert ordinære Landsting om sitt arbeid og hvordan forbundets organer har fungert i valgperioden."

Desisjonskomiteen sitt arbeid.

§ 9-1 i vedtektene definerar oppgåvene til desisjonskomiteen:

"Desisjonskomiteens oppgave er å kontrollere at forbundet fungerer etter vedtektenes bokstav og ånd, at Landstingets vedtak blir satt ut i livet, at forbundet følger god regnskapsskikk, at medlemsforeningene fører godkjente medlemslister og kontingentbetalinger, og at valg foregår på en demokratisk og korrekt måte."

Desisjonskomiteen har skildra mandatet sitt meir inngående i tolkinga DT-3.

I inneverande år har desse vore med i desisjonskomiteen (valperiode i parentes):

Monica Rønneseth (2006 – 2008)

Kjartan Lindøe (2006 – 2008)

Bård I. Skjæveland (2005 – 2007)

Christer Gulbrandsen (2005 – 2007)

Komiteen har flat struktur, og dermed ingen leiar.

Komiteen har delteke på alle møta i Forbundsstyret, samt to møte i Arbeidsutvalget og kalla inn eitt møte i Forretningsutvalget. Komiteen har hatt egne møter i samheng med Forbundsstyremøta, og har elles tatt saksbehandling pr. e-post, telefon og MSN. Komiteen har i perioden gitt fem tolkingar av vedtektene, to vurderingar på førespurnad frå Programkomiteen og oppheva ei tidlegare tolking.

Vurdering

I større grad enn tidlegare har komiteen vorte oppfatta som ein aktiv deltakar i debattar i Forbundsstyret, og til dels i Arbeidsutvalget. Komiteen kjenner seg ikkje heilt att i denne skildringa, men erkjenner at oppfatninga er tilstades. Det har kome kritikk frå medlemmar i Forbundsstyret og Arbeidsutvalget for dette, og komiteen ynskjer delvis å ta til seg og delvis å seie imot kritikken.

Ankepunktet mot framferda til komiteen er basert på to premiss; det eine er oppfatninga om at komiteen ytrar seg om vegval for forbundet, det andre er at mandatet til komiteen ikkje har rom for å ytre seg om vegval.

Som argument for siste punktet refererast § 9-4, 1. avsnitt, andre setning: "Komiteens medlemmer har kun talerett i saker som angår deres arbeidsområde, herunder vedtektene, retningslinjer og reglementer, organisatoriske saker, tidligere vedtak og formaliteter."

Denne problemstillinga er skildra i tolkinga DT-3, kor komiteen allereie i 2004 presiserte korleis denne setninga skal oppfattast: "Andre setning innebærer at komiteen er avskåret fra å ytre seg om enkelte veivalg for Hyperion, hovedsakelig politiske. I organisatoriske saker har komiteen full rett til å ytre seg – og plikt til å ytre seg, når den anser at dette er nødvendig av hensyn til komiteens oppgaver i § 9-1."

Premisset om at komiteen ikkje kan ytre seg om veivalg er av dette feilaktig. Tvert imot vurderer komiteen seg som pålagt å ytre seg om veivalg om den ser at dette er naudsynt for å ivareta oppgåva som kontrollør av at forbundet fungerer etter vedtektene sin intensjon og bokstav. I dei tilfella komiteen vel å uttale seg under møter i forbundet, særleg forbundsstyremøte, har dette som regel samheng med at komiteen ser det som





50 naudsynt å opplyse partane om faktiske og sannsynlege konsekvensar av forslag som vert
51 debattert.
52 Me ynskjer at det gjeldande organ med opne auge har vedtatt intensjonen og konsekvensen i
53 forslaget. Komiteen ser det som særst viktig å passe på at organisasjonspraksis ikkje vert etablert
54 ved tankelaus framferd, men vert bygd på informerte og gjennomtenkte val.

55 I tillegg vert måten komiteen uttalar seg på kritisert, fordi det kan oppfattast at me "seier ting
56 mellom linjene". Ved å peike på, og kanskje understreke, uheldige konsekvensar av
57 organisatoriske forslag, kan komiteen oppfattast som å komme med ei åtvaring mot å vedta
58 forslaget. Komiteen ynskjer å ta dette til seg, og vil i framtida freiste å verte meir klare på kva
59 meininga med ytringa er; om det er å sikre at alle hensyn og premisser vert vektlagd i prosessen,
60 synleggjere uheldige konsekvensar eller om det vert sagt fordi det faktisk er naudsynt å åtvare
61 mot eit vedtak.

62 Komiteen vurderar det dit hen at me har fått eit ansvar for å ivareta Landstinget og
63 medlemsforeiningane sine interesser spesielt overfor Forbundsstyret og Arbeidsutvalget. Dette
64 fører til at komiteen til tider må markere upopulære eller ubehagelege standpunkt. Komiteen vil
65 gjerne gjere dette mest mogleg konstruktivt, og vil oppfordre medlemmar og tillitsvalde til å gje
66 Desisjonskomiteen tilbakemeldingar og innspel, eller spørsmål, på deskom@n4f.no.

67 Det er komne innspel om at det er litt tilfeldig kva saker me tar opp, sidan me til no stort sett har
68 basert oss på førespurnader me har mottatt. Viss komiteen skal ta ei meir aktiv rolle i forbundet
69 ynskjer me at det skal vere forankra i Landstinget, og vi inviterar difor Landstinget i debatten om
70 årsmeldingane til å diskutere om komiteen skal ta meir eige initiativ og verte ein meir aktiv
71 kontrollør enn tidlegare.

72 **Andre organ i forbundet**

73 Desisjonskomiteen skal kontrollere at dei andre organa i forbundet har fungert ut frå vedtektene
74 sin intensjon og bokstav, og at vedtak fatta av Landstinget vert satt ut i livet. Her følgjer våre
75 viktigaste synspunkt på dei andre organa sitt virke.

76 *Forbundsstyret*

77 Desisjonskomiteen meiner å sjå at Forbundsstyret i større grad har funne si rolle i forbundet.
78 Forbundsstyret har konsentrert seg meir om dei overordna og prinsipielle debattane, og har prøvd
79 ut meir inkluderande arbeidsformer enn før. Dette har vore med på å aktivisere dei enkelte
80 forbundsstyremedlemmane i større grad enn det som har vore sett tidlegare.
81 Derimot ser komiteen at Forbundsstyret i enkelte samanhenger kan spelast ut på sidelina av
82 Arbeidsutvalget i saker der forbundsstyremedlemmane ikkje har fått utvikla nok eigen
83 kompetanse. Desisjonskomiteen vil difor anbefale at Forbundsstyret organiserer meir
84 kompetanseutvikling for seg sjølv gjennom året. I tillegg vil vi påpeike at oppmøtet på
85 forbundsstyremøta fleire gonger har vore problematisk lavt, og vil tilråde at Forbundsstyret
86 framover diskuterar årsakene til dette.

87 *Arbeidsutvalget*

88 Arbeidsutvalget har og i større grad enn før funne si form og rolle, noko som er ein naturleg
89 konsekvens at av organisasjonen modnast. På den andre sida har me lagt merke til høge
90 konfliktnivå i Arbeidsutvalget også i år. Til tider har det sett ut som Arbeidsutvalget er delt i to
91 fraksjonar som hyppig kritiserar og i enkelte tilfeller motarbeider kvarandre. Grunnlaget for
92 konfliktene ser ut til å vere ei djup usemje omkring retning for forbundet, og om
93 organisasjonskultur. Om me skal driste oss til å setje merkelapper på dei to hovudretningane, kan
94 me seie at den eine gruppa i Arbeidsutvalget ser ut til å ville dra organisasjonen i ein retning meir
95 prega av frivillighet, medan den andre gruppa ser ut til å ville dra organisasjonen i ein retning meir
96 prega av profesjonalisering.

97 Desisjonskomiteen vil peike på at konfliktar er normalt, og at det ofte er sunt med ei viss
98 grad av usemje. Imidlertid må ein klare å håndtere konfliktene slik at dei ikkje fører til djupe
99 personlege motsetnader eller lamming av arbeidsevna til organet. Fleire medlemmar av
100 Arbeidsutvalget har uttrykt frustrasjon og ei kjensle av å vere utmatta av konfliktene.

101 Desisjonskomiteen vil peike på at Arbeidsutvalget har søkt å få løyst konfliktane gjennom
102 vedtak i andre organ, noko vi vil åtvare mot. Det er greit å få drøfta prinsipielle og overordna
103 problem i høgare organ, men det er ugreit å tru at ein kan vedta seg bort frå problema gjennom
104 detaljstyring ovanifrå.

105 Me vil sterkt tilråde at neste års Arbeidsutvalg bruker tid før dei trår til på å snakke om
106 konfliktløysing og på intern samarbeidstrening. Særst viktig er dette når store delar av
107 Arbeidsutvalget er satt i hop av folk som ikkje tidlegare har hatt slike sentrale og tunge tillitsverv,
108 sidan desse vil ha større bruk for råd og støtte i ein krevjande lærings- og
109 arbeidsprosess.





110 *Forretningsutvalget*

111 Desisjonskomiteen har ingenting å utsetje på arbeidet til utvalget.

112 *Valgkomiteen*

113 Valgkomiteen ser ut til å fungere normalt og gjer sine oppgåver som skildra i vedtektene. Me vil imidlertid understreka kor viktig det er at medlemmane i Valgkomiteen berre opptrer med éi rolle internt i forbundet sine organ, noe vi tykkjer har vore til dels litt dårlegare frå komiteen si side i år enn tidlegare.

117 *Redaksjonsstyret for Pegasus*

118 Desisjonskomiteen er godt nøgde med å registrere at Pegasus er komne inn i godt gjenge.

119 *Fantasifestivalleinga*

120 Fantasifestivalen som prosjekt er gjenstand for stor debatt internt i forbundet.
121 Desisjonskomiteen vil på generelt grunnlag åtvare mot at denne debatten kan ha ein tendens til å verte unyansert og ta karaktertrekk av "skyttergravskrig". Ofte er debatten eit utslag av den djupare diskusjonen i forbundet om organisasjonskultur og innretning.

124 Festivalleinga har i år lagt ned eit stort arbeid med å gjennomføre Fantasifestivalen. Festivalen vart flytta til Forsand utanfor Stavanger, noko som var ein tidkrevjande prosess.
125 Ei rekke av barnesjukdomane frå i fjor ser ut til å ha forsvunne i år, og festivalen vart gjennomført langt meir profesjonelt i år. Me ser at debatten om festivalen som har gått i Arbeidsutvalget og Forbundsstyret no dreier seg meir om program og profil for festivalen enn tekniske tema. Dette er positivt, og komiteen håpar debatten under Landstinget vil kome med endå meir forslag og idear til utvikling av festivalen.

131 Desisjonskomiteen ser og at det er rom for praktiske forbetringar av festivalen, til dømes med tanke på markedsføring av festivalen. Det er derimot ei vanskeleg vurdering om festivalen skal dra nytte av ein fast plassering over tid, eller om festivalen skal bruke store ressursar på å finne ny stad å vere med meir potensiale for vitjande. Me vil anbefale at Landstinget ikkje tar lett på den debatten.

136 Det er og naudsynt å gjere retningslinjene for festivalleinga tydelegare med omsyn til organisatorisk plass i forbundet. Noko av bakgrunnen for dei konfliktane som har vore i Arbeidsutvalget og om festivalleinga generelt, har vore eit uklart forhold mellom Arbeidsutvalget, Forbundsstyret og festivalleinga. Ei klar tilråding er at Landstinget får avklart dei forholda, og at premissa i størst mogleg grad er lagt før valet av festivalleing.

141 *Landstinget*

142 I år har det vore større uvisse om organiseringa av Landstinget enn vanleg. Desisjonskomiteen ser at det i Hyperion si historie ikkje er uvanleg at innkallinga til Landsting kjem seinare enn dei fristane som er stadfesta i § 6-2 i vedtektene.

145 Uvisse og forvirringa i år har gjort det vanskeleg for medlemsforeiningane å melde på delegater. Me i komiteen meiner denne situasjonen er utoleleg, og vil på det sterkaste oppfordre organisasjonen til å byrje planlegginga av Landstinget tidlegare i framtida, slik at vi kan unngå denne situasjonen seinare år.

149 *Økonomi*

150 Økonomien til Forbundet er i ei positiv utvikling, og rutinar for økonomistyring har bedra seg. Det har derimot vore naudsynt for Desisjonskomiteen i år å påpeike ansvarsfordelinga i økonomisaker, ved å sørge for at Forbundsstyret styrer gjennom budsjettrevisjon, og at Arbeidsutvalget styrer innafor rammene til budsjettet.

154 **Oppsummering**

155 Desisjonskomiteen meiner forbundet i stor grad fungerer slik som intensjonen er i vedtektene og andre vedtak. Forbundet har tryggja seg, og er inne i ei positiv utvikling med tanke på økonomi og medlemstal. På tross av det er det merkbart at eit generasjonsskifte er på gang, og at det no er naudsynt med god kompetanseutvikling og kunnskapsoverføring for sentralt tillitsvalde. Dette må til for å vere rusta mot konflikter som ikkje er naudsynte, og for å sikre ei god handtering av saklige usemjer. Tilsvarande kan det og vere ein idé at diskusjonar om retning og kultur i forbundet først tydelegare enn i dag, og ikkje gjennom diskusjonar om andre tema, som det nokre gonger har skjedd i år.

163 Christer Gulbrandsen Bård I. Skjæveland Monica Rønneseth Kjartan Lindøe

